

Utkast til Vik kommune sin

Høyringsuttale NOU 2012:6 Arbeidsrettede tiltak

Innleiing

Arbeidsdepartementet har oversendt «NOU 2012:6 Arbeidsrettede tiltak» på høyring, med frist til 13. juli til å gje uttale til denne.

Vik kommune er glad for at Brofoss-utvalet ynskjer å styrka arbeidsmulegheitene for personar med redusert arbeidsevne. Me er og tilfredse med at utvalet understrekar behovet for å auka innsatsen overfor desse målgruppene. Dette er etter vår oppfatning heilt naudsynt, dersom ein skal lukkast med å få fleire ut i arbeidslivet.

Me registrerar samstundes at utvalet er delt i anbefalinga si av framtidig innretting av arbeidsretta tiltak, og har framsett forslag til tre ulike modellar. På bakgrunn av dette bør det etter vår oppfatning utarbeidast ei stortingsmelding, der Regjeringa klargjer sine preferansar. Slik vil ein få det naudsynte grunnlaget for å treffa den rette beslutninga.

Vik kommune støttar imidlertid modellen som har størst tilslutning i utvalet, heretter kalla modell 1.

Høyringsuttale

Som eigar av vekstbedrifta Vik ASVO as har Vik kommune i løpet av 20 år bygt opp eit godt tilbod for NOUen sine målgrupper. Kort om kva som fungerer godt hjå Vik ASVO i dag:

- Trygghet og føreseielegheit for brukarar gjennom stabilt personale og brukarmedverknad, samt rammevilkår - til no.
- Felles mål og samlokalisering med viktige faggrupper rundt brukaren som psykiatri, vaksenopplæring, vernepleie, mm.
- Varierte og allsidige arbeidsoppgåver, mykje ute hjå kundar og hentar/bringar – gir nært tilhøyre til ordinært næringsliv.
- God utvikling hjå brukarane – dokumentert gjennom eQuass og brukarundersøkjingar.
- Ressurs for nabokommunar, brukarar frå andre kommunar vel Vik ASVO som arbeidsplass i konkurranse med andre.
- Gode og varierte velferdstiltak for brukarane.
- Godt samarbeid med kommunen som eigar og samarbeidsaktør (kunde, leverandør, eigar).
- Samarbeidet med ordinært næringsliv fungerer godt, dokumentert gjennom kundeundersøkjingar og langvarige samarbeidsavtalar.
- Gode lokasjonar (sentralt og moderne) og god plass.
- Lønsam og god drift.
- Positive tilbakemeldingar frå brukarorganisasjonen NFU lokalt.

Sidan Vik kommune har finansiert denne arbeidsplassen i lag med staten har ein heile tida visst at ein har hatt ein beredskap for dei brukarane som har kome til. Me har sett at det har vore råd å finna arbeid til mest alle brukarane som har hatt behov for VTA. Me kjenner og heilskapssituasjonen til dei fleste brukarane og ser – og høyrer frå dei – at dei kjenner seg trygge på arbeidsplassen.

Det kommunale eigarskapet er etter vår meining ein styrke for attføringsarbeidet, og sikrar langsiktigheit, stabilitet og ansvarlegheit overfor verksemda. Eigarrepresentanter i styret bidreg med viktig lokalkunnskap, helsefagleg kompetanse og tverrfagleg tenkjing, som er avgjerande for å skapa gode løysingar for innbyggjarane våre med redusert arbeidsevne. Denne kunnskapen vert best ivareteken i modell 1, gjennom ei vidareutvikling av dagens system, basert på eit tett samarbeid mellom kommunane, NAV som bestillar og tiltaksbedrifta som leverandør.

Samtidig ser me klart at dette systemet har forbettringspotensial. Blant anna er det trong for meir heilheitlege attføringsløp, utan uhensiktsmessige tidsavbrot. Mange stader er ventetida for å komma inn i eit tiltak for yrkesretta attføring generelt for lang, slik er det ikkje her hjå Vik ASVO as. Vik ASVO har ofte teke inn ekstra personar i tillegg til dei ein har tilskot for, personar som elles måtte ha stått på venteliste. I så måte er modell 1 si dreining frå aktivitetsretta til individretta tiltak eit viktig steg i riktig retning, då dette vil gje meir fleksible løysingar tilpassa den enkelte.

Modell 1 set krav til endringsprosessar hos brukar, endringsprosessar i det ordinære arbeidslivet for å inkludera fleire, i tillegg til at den krev oppdatert metodikk og kompetanse hos tiltaksarrangør. I tillegg vert det teke til orde for å stilla krav til ordinært arbeidsliv om å styrkja inkluderingskompetansen sin. Me meiner dette til saman vil styrkja tilbodet til målgruppene.

Vik kommune støttar eit samla utval i at meir av attføringa skal føregå i ordinært arbeidsliv. Me vil likevel påpeika at attføringsarbeidet framleis må utførast av personar med naudsynt attførings- og inkluderingskompetanse. Me er svært usikre på om næringslivet er klar til å overta det arbeidet som er føreslege i modell 2, den sokalla arbeidsinkluderingsmodellen. Etter vårt syn vil modell 2 kunne medføra at dagens vekst- og attføringsbedrifter blir borte. Saman med verksemda vil og deira ekspertise i tilrettelagt arbeid og attføring forsvinna. Dette er ekspertise som det vil vera svært vanskeleg å samla att dersom teoriane bak modell 2 viser seg å ikkje stemma med verkelegheita.

Etter vår oppfatning bør NAV reindyrka si rolle som avklarande, kontrollerande og oppfølgjande instans. Både NAV og tiltaksansvarlege må ha kompetanse på dei oppgåvene dei er tillagt og vera målretta på oppgåvene.

Føreseielegheit og tett samarbeid mellom partane vil etter vårt syn gje betre resultat for brukarane enn fri konkurranse. Me meiner difor at attføringssektoren i hovudsak framleis bør regulerast av rådeavtalar mellom NAV og tiltaksarrangør.

Når det gjeld arbeidsmarknadstiltaket Varig tilrettelagt arbeid (VTA) for personar med uførepensjon, er me glade for at fleirtalet av utvalet sine medlemar går inn for å

vidareutvikla denne ordninga. For denne målgruppa opplever me at det er eit tydeleg udekka behov, som må møtast med fleire tiltaksplassar.

Ein er også einig med utvalet i at tiltaksstrukturen bør forenklast og tiltaka betre tilpassast den enkelte sitt behov. Retninga på morgondagens attføring må vera at tiltaket i større grad vert tilpassa individet, i staden for at individet må tilpassast tiltaket som i dag.

Dagens eigarskapsmodell forutset at eit eventuelt overskot skal komma tiltaksdeltakarane og bedriftene til gode. Dette prinsippet bør vidareførast. Attføringsarbeidet er etter vårt syn lite eigna for anbudsutsetjing. Me fryktar at kvaliteten i arbeidet blir vesentleg redusert dersom dette arbeidet vert overteke av bedrifter som har bedriftsøkonomisk overskot som fremste føremål. Me fryktar at eit anbodssystem vil redusera tilbodet til brukarane og då særleg for dei brukarane som har størst bistands- og/eller tilretteleggjingsbehov. Med kommunal eigarstruktur sikrar ein vidare eit geografisk likeverdig tilbod til brukarane i distrikta.

Vik kommune er glad for at fleirtalet i utvalet går inn for å oppretthalda og vidareutvikla ordninga med varig tilrettelagt arbeid (VTA) for personar med særleg store behov. Det bør, som utvalet anbefalar, skje ved at det både blir fleire VTA-tilbod i det ordinære arbeidslivet og ved auka tal VTA-plassar i vekstbedriftene og andre bedrifter i den sokalla skjerma sektoren. Gitt det store tal personar som i dag vert viste til dagsenterplass istadenfor jobb, er det behov for begge deler. Ein vil imidlertid presisera at VTA skal vera eit tilbod til personar som står lengst unna arbeidslivet - med stort behov for tilretteleggjing og oppfølging.